

Om stillhet

Den franske diktaren Antoine de Saint Exupery seier ein stad: «Og eg forstod at dei forsøkte å unngå stillheten. For berre i stillheten kan sannheten klara å setja frø og slå rot».

Å samlast i losjesalen dreiar seg nettopp om å søkja den tilstand som fremjar hovedmålet vårt, vennskap, kjærlighet og sannhet. For ingenting kjem tå seg sjøl, og i ei verd der støy og larm er det vanlege, der fart og travelhet, suter og sorger og jag etter vind og gevinst sjeldan gir oss ei freda stund, der blir det desto viktigare å ha ein stad der tanken kan få fred, der me blir i stand til å få den konsentrasjon som skal til for tenkja over og meditera over kva det vil seia å vera menneske og medmenneske.

«I rennande vatn kan ein ikkje sjå sitt eige bilete, men derimot i stille vatn. Berre den som sjølv er stille, kan bli ein stille stad for alle desse som søker stillhet», seier den kinesiske vismannen Lao Tse. Stillheten er med andre ord nødvendig for å skapa ny innsikt, nye haldningar og ny praksis. Dette er noko all religion veit. «Det evige ordet let seg berre høyra i stillheten», seier mystikaren Mester Eckhart.

Men det er ikkje berre religionen som er oppteken av føresetnadene for å få grep om dei eigentlege verdiane i livet. Mange diktarar har og reflektert over begrepet stillhet., og eg skal til slutt lesa to dikt som får stå utan vidare kommentar, eitt av Rolf Jacobsen og eitt av haugesundslyrikaren Kolbein Falkeid.

Stillheten etterpå

Prøv å bli ferdige nu
med provokasjonene og salgsstatistikkene,
søndagsfrokostene og forbrenningsovnene,
militærparadene, arkitektkonkurransene
og de tredobbelte rekkene med trafikklys.

Kom igjennom det og bli ferdige
med festforberedelser og markedsføringsanalyser
for det er sent,
det er alt for sent,
bli ferdige og kom hjem
til stillheten etterpå
som møter deg som et varmt blodsprøyt mot pannen
og som tordenen underveis
og som slag av mektige klokker
som får trommehinnene til å dirre
for ordene er ikke mere til,
det er ikke flere ord,
fra nu av skal alt tale
med stemmene til sten og trær.

Stillheten som bor i gresset
på undersiden av hvert strå
og i det blå mellomrommet mellom stenene.
Stillheten
som følger etter skuddene og etter fuglesangen.
Stillheten
som legger teppet over den døde
og som venter i trappene til alle er gått.
Stillheten
som legger seg som en fugleunge mellom dine hender,
din eneste venn.

Rolf Jacobsen

VI FLYKTNINGER

Vi flyktninger.
Når virkeligheten blir for påtrengende
klatrer vi over muren og får asyl
i regnskapsbøkene,
konjunktorene,
avbetalingssystemene,
i bank- og kredittvesen,
skolevesen og brannvesen,
i bruktbilgarantiene og prisnedsettelsene,
i alt dette uforpliktende
som holder motet oppe i oss til pensjonsalderen

og overdøver stillheten i oss.
Mange pensjonister klarer ikke overgangen
tilbake til virkeligheten. Den blir
for hard for dem. Best
klarer realistene seg:
barn, poeter og enfoldige.

bita